



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

### Årsmelding 2016



Kyrkjebø sokneråd er samansett slik:

Leiar:	Audun Digranes
Nestleiar:	Irene Aase Aarseth
Sekretær:	Sturla Bell Fossen
Medlem:	Leif Arne Fureli
Medlem:	Erlend André Høyvik Haugsbø
Medlem:	Jarle Berge
Sokneprest:	Runar Matsui-Li
1.vara:	Lisbeth Høyvik Haugsbø
2.vara:	Borgny Birkeland
3.vara:	Anne Lise Ljotebø
4.vara:	Stine Iren Røyseth
5.vara:	Anne Marie Zuliani Aasgard

Medlemar i Høyanger kyrkjelege fellesråd :

Audun Digranes	personleg vara: Erlend André Høyvik Haugsbø
Irene Aase Aarseth	personleg vara: Jarle Berge

Medlem i diakonistyret: Gunvor Hommedal    Vara: Stine Iren Røyseth  
Trusopplæringsutvalet vil bli organisert på ny måte og medlemene vil bli valde seinare.

Kontaktperson til Kirkens Nødhjelp: sokneprest Runar Matsui-Li

Anne Marie Zuliani Aasgard er flytta frå soknet. Erlend André Høyvik Haugsbø har fått fritak i eitt år.

Stiftinga Kyrkjebø kyrkjelydshus:

Leiar:	Finn Trædal	vara: Stig Roar Engen(soknet)
Nestleiar:	Nora Høyvik	vara: Gunvor Hommedal (KFlaget)
Medlem:	Irene Aase Aarseth	vara: Magne Sagerøy (soknet)
Medlem :	Ruth Kvist	vara: Sverre Elveseter (Kr.org.)
Medlem:		vara: Erlend Høyvik Haugsbø (soknet)

#### PERSONALSITUASJONEN.

Sokneprest:	Runar Matsui-Li
Prost:	Reidar Knapstad
Kantor:	Gerda Otterstein
Trusopplæringsped.	Toril Lange
Kyrkjevevje	Bjørnar Otterstein
Kyrkjetenar:	Kyrkjebø og Vadheim: Irene Aase Aarseth
Klokkar:	Kyrkjebø og Vadheim: Irene Aase Aarseth
	Anne Irene Ølmheim har sagt opp stillinga som klokkar i Vadheim



## MØTEVERKSEMD.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal soknerådsmøte:	13	10	7	6	7	6
Tal saker behandla:	46	35	28	29	35	29
Tal frammøtte på årsmøte:	12	15	14	14	12	11
Tal soknemøte:	1	1	1	1	1	1

## GUDSTENESTER/KYRKJELEGE HANDLINGAR.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal gudstenester	36	36	33	32	34	38
Totalt frammøtte	2148	1866	2826	2006	2892	3007
Gj.sn.frammøtte	60	52	85,6	62,7	85,1	79,1
Gudstenester med nattverd	8	13	16	16	19	24
Totalt frammøtte	71	173	174	176	232	249
Dåp	14	9	7	9	10	7
Konfirmantar	15	17	21	16	14	14
Vigslar	0	1	0	0	3	3
Gravferder	26	6	15	16	10	10
Skulegudsteneste/førjulsgudsteneste	1	2	1	0	0	0
Andakter på Kyrkjebø sjukeheim	19	20	12	11	13	12
Konsertar, musikkandaktar				1	0	0
Konsertar, musikkandaktar, frammøtte				22	0	0
Konsertar i regi av andre				2	1	3
Konsertar i regi av andre, frammøtte				202	180	327
Andre kulturarrangement						1
Andre kulturarrangement, frammøtte						29

### Konfirmasjon:

Kyrkjebø 8. mai 2016 der 9 vart konfirmerte

Vadheim 24. april 2016 der 5 vart konfirmerte.

Ved konfirmasjon har soknerådet valt å gje kvar konfirmant eit smykke i oliventre laga som ein kross.

### Dåp:

Det har vore 7 barnedåpar i 2016, alle med bustadadresse i soknet. Ved dåpen vert det gjeve eit lys og dåpsklut.

### Gravferder:

Det har vore til saman 10 gravferder på Kyrkjebø og i Vadheim.

På begge stader har soknerådet vore med å dele ut blommar til dei etterlatne som bur nær.

### Friluftsgudstenester:

I Måren 16. mai var det ca. 35 som deltok.

På Vadheimstølen 21. august var det ca 40 som deltok.

## ØKONOMI

Driftsresultatet for 2016 viser eit underskot på kr. 5944,13-. Underskotet vert dekkja av midlar på ubunde fond, der det står att kr. 38236,75

Underskotet kjem av at det vart kjøpt inn ekstra mikrofon til kyrkja, noko det ikkje var budsjettert med. Det vart vedteke i budsjettet for 2016 å bruke kr. 6000 av fondsmidlane til innkjøp av nye salmebøker i storskrift.

	2012	2013	2014	2015	2016
Takkoffer til andre	30888	25989	22345	15073	30082
Takkoffer, eige arbeid	15760	12248	9906	14963	10635
Fasteaksjonen	14042	14586	11233	15066	11110

## **BARNE- OG UNGDOMSARBEID**

### **Trusopplæringstiltak 2016:**

Kyrkjebø:

4-årssamling og hausttakkefest - delte ut 3 «Mi kyrkjebok 4»

6-årssamling (samstundes med 4-årssamling) + hausttakkefest m /utdeling av «Mi kyrkjebok 6».

1 av 6 møtte – begge dagar. Søndag hadde det vore konglecup i Balestrand tidlegare på dagen. I tillegg vart 1 bok levert til ei bestemor.

Tårnagenthelg – Invitasjon til 2. – 4. klasse. 2 jenter var med. . I tillegg var Ole Øystein med.

2 gutar melde seg av siste timen

Vadheim:

Det var små kull. I staden for 4. og 6 årssamling inviterte vi til Kids-samling for alle frå 4 år og til og med 3. klasse. 7 born møtte + 4åring som ikkje kunne møte på Kyrkjebø

På hausttakkefesten og Kids-samlinga møtte 1 4åring ( 1 av 1) og 2 og 3 6åringar.

Bibelutdeling i Vadheim: 3 biblar

### **Vaksne medhjelparar over 15 år:**

Anne Irene Aase Aarseth, Gunhild K. Bekkelien, Gunvor Hommedal, Audun Digranes, Anne Irene Ølmheim.

### **Fasteaksjonen:**

Konfirmantane i Vadheim og på Kyrkjebø deltok i innsamlinga. Til saman fekk dei inn kr.11110,-eit godt resultat. Takk til konfirmantane og gjevarane.

### **DUGNAD:**

Det vart halde dugnad på gravplassane 26.04.16. På Kyrkjebø deltok 14 personar og i Vadheim 9. Begge stadane var det god innsats. Det er framleis ein god del å gjere på begge stadane. Det arbeidet er omfattande slik at fellesrådet må bidra.

Vadheim bedehus er eigd av bygda og fellesrådet har leigeavtale med styret.

## **YMSE:**

Høyanger kommune har løyvd midlar slik at det kan kjøpast nytt orgel til Kyrkjebø kyrkje. Nytt orgel er bestilt, og kontrakt om levering er inngått. Orgelet vil bli installert i løpet av 2017. Det er eit restaurert engelsk orgel laga av Henry Jones i 1875. Det har fin lyd og er eigne til musikk frå alle tidsepokar.

Det har vore dårleg sikring langs gravplassen og ein litt lurvete furuhekk langs muren i vest. I haust løyvde fellestrådet midlar til utbetring. Det var sett ned ny tujahekk langs heile muren bortsett frå langs kyrkja.

Det har vorte installert nytt høgtalaranlegg i kyrkja på Kyrkjebø dekkja av fellestrådet. Samstundes kjøpte soknerådet inn ein ekstra trådløs mikrofon som kan brukast av andre medverkande i gudstenester eller andre tilstellingar.

## **UTFORDRINGAR .**

Det har vore positivt at den auken i talet på dei som deltek på gudstenestene stort sett har halde seg. Det er viktig å klarer å oppretthalde trenden. Med fleire frivillige i arbeidet både som kyrkjevertar, medarbeidarar i trusopplæringa og medhjelparar i gudstenestene kan ein håpe at det går den vegen. Det kan også vere ønskjeleg å få fleire i kyrkja ved å få lokale innslag i gudstenestene. Det er noko soknerådet må arbeide med framover.

**Takk til alle dykk som har vore med på å støtte kyrkja sitt arbeid. Takk til alle som har gjort ein innsats for at Vadheim og Kyrkjebø skal vere gode miljø å bu i.**

Kyrkjebø, 21.02.2016

Kyrkjebø sokneråd

Audun Digranes  
leiar